

SOGNDAL

kyrkjelydsblad



Nr. 4 | desember 2021 | 49. årgang



God jul!



LEIAR:

Det kontaktlause samfunn

Eg har noko eg må innrømme; eg er glad i teknologi. Eg er glad i dappedittar og saker og ting som kan gjere ting enklare og lettare for meg. Ein av dei tinga eg verkeleg likar med det nye kontoret mitt, utanom ei fantastisk utsikt, er at eg aldri treng å trykka på nokon lysbrytar for å få lys på hjå meg. Det kjem på når eg kjem, og går automatisk av ei stund etter at eg har gått. Vel, når eg tenkjer meg om, er det vel ikkje nokon lysbrytar på kontoret mitt heller.....

Så du kan sikkert tenke deg fram til at eg likar tanken på det såkalla «kontaktlause samfunnet»; eit samfunn der ein ikkje brukar kontantar. Gjennom korona-pandemien har vi fått prøvd eit slikt kontantlaust samfunn i praksis; der ein før kunne betale med kontantar, har ein måtte betale med bankkort, Vipps eller på andre måtar som ikkje involverer fysiske pengar. Også i kyrkja har ein måtte ty til dette som hovudbetalingsform. For meg har dette fungert heilt perfekt, og sant å seie har eg praktisert eit kontantlaust samfunn i lang tid før pandemien.

«Jo, men...» tenker du sikkert, og du har heilt rett; det er ikkje alle som er like glad i kontaktlause betalingsmåtar. Mange er, av ulike grunnar, tilhengarar av å framleis nyte kontantar. Eit argument kan vere at ein ikkje vil ha loggført alle betalingar ein gjer. Difor er det

viktig at ein også i framtida kan nyte kontantar.

Gjennom pandemien har vi også måtte bli kjent med ein anna form for «laust» samfunn; «det kontaktlause samfunnet». På grunn av pandemien, har vi måtte begrense kontakten med andre menneske. Det har vore vanskeleg for mange.

For dei av oss som har familie ein bur med, vil eg tru at det for det meste har gått «greitt». Sjølv om ein har sakna mykje, for min del å treffe familie andre stader i landet fysisk, så har ein kome seg nokså greitt gjennom pandemien.

Men så har ein dei som bur åleine; for dei har dette vore særskrivjande. For nokre har det gått veker mellom kvar gong dei har hatt eit fysisk møte med eit anna menneske. Kva verknader dette får psykisk, men også fysisk, kan eg berre tenkje meg frem til, men det er liten tvil om at dette kan vere svært tøft.

Eg håpar at det blir med denne smaken på det «kontaktlause samfunn», og at vi i jula no og vidare fremover kan nyte god kontakt med andre menneske, både familie og andre!

God jul!

Hallgeir Øgaard Westli

Redaktør

Foto på framsida:

Pepperkakeutstillinga til Kaffistova i Fjærland 2020.
Foto: Marianne Supphellen

Eit lite kjent måleri av gamleheimen på Stedje har kome tilbake til Stedjetunet. Meir om opningsfesten på Stedjetunet på side 6.
Foto: Are Kvistad

Illustrasjonsfoto.
Kjelde: Pixabay

Stoff og bilete til Kyrkjelydsbladet

Har du tatt bilete eller skrive noko som du ynskjer at vi skal ta inn i bladet? Send det gjerne på e-post til post@sogndal.kyrkja.no innan 7. februar.

Bilete

Bilete som vert sendt til kyrkjelydsbladet må vere av god kvalitet for å bli bra på trykk. Sjå våre nettsider for meir informasjon om kvalitet på bilete.



Illustrasjonsfoto. Kjelde: Pixabay

sorggruppe og julaftan

Sorggruppe

I løpet av januar månad vil kyrkja i Sogndal legge til rette for ei sorggruppe for yngre pårørande. Sorggruppa samlast på Stedjetunet, og har gjennomsnittleg samling ein gong i månaden. Sorggruppa vil verte leia av Gitte Therkelsen Torstad, soknediakon, og Bente Karin Vatlestad, faglærar i Helse og oppvekst som vil gjere dette på frivillig basis. Føremålet med sorggruppa er å tilby ein plass i eit fellesskap med andre der ein kan få bruke tid til å snakke om det ein opplever i sorga. Kvar og ein som har opplevd å mista ein dei er glad i, vil oppleve dette ulikt og takle sorga ulikt. Det vil alltid vere noko som ein likevel kjenner seg att i hos andre, og anerkjenninga frå andre

kan bety mykje når ein kjenner at ein vaklar og er sårbar. I ei sorggruppe får ein høve til å fortelje historia si og opplevelinga om att og om att. Nettopp i gjentakinga kan det ligge viktige og gode element av bearbeiding av det som måtte vere vanskeleg. Støtte frå dei andre i gruppa er god hjelp og trøyst på vegen vidare! Viss du ynskjer å vere med i ei sorggruppe, eller har nokre spørsmål om dette, kan du ta kontakt med soknediakon Gitte Therkelsen Torstad, gitte@sogndal.kyrkja.no, tlf. 97416519.

Julaftan

Jula, og kanskje julaftan spesielt, er den tida og dagen som møter oss med mykje glede og spenning, men det er også då mange kjenner

seg ekstra einsame og triste. Er det noko dei fleste treng då, så er det å få vere saman med andre. Kan du og din familie vurdere om de kan invitere ein som sit åleine nokre timer ein av dagane i jula? Det beste med ein slik invitasjon som gler ein annan, er gleda som ein sjølv sit att med! Nokre år tidlegare har kyrkja i Sogndal invitert til open felles julaftanfeiring. Det har vore så kjekt og fint å gjøre dette ilag! Det er difor leitt at vi ikkje får dette til i år, då det er andre oppgåver i kyrkja som ventar på julafta. Mitt ynskje for jula i år er å få høyra korleis nokon har utvida sin familiekrins med ein ekstra gjest rundt bordet!

Gitte Therkelsen Torstad
tekst

Juletrefest i stedje kyrkje sundag 2. januar

Damene i Dåpsringen i Stedje inviterer til tradisjonell juletrefest i Stedje kyrkje,
sundag 2. januar kl. 17-19.
Det vert ymse program og vi vil

gjere det vi kan for å lage til ein triveleg kveld! Vi vil sjølvsgåt gå rundt juletreet, syngle ilag og ha ei kort andakt. Som vanleg vert det god matservering, «hemmelege»

pakkar til borna – det meste som hører ein juletrefest til!

Gitte Therkelsen Torstad
tekst

Utgjeve av
Sogndal kirkjelydsblad
fellesråd

Redaktør: Hallgeir Øgaard Westli

Postadresse:
Sogndal kirkjelydsblad,
Postboks 180, 6851 Sogndal

Besøksadresse:
Stedjetunet, 2. etasje
Kyrkevegen 6
6856 Sogndal

Bankgiro: 3705.40.71206

Telefon kyrkjekontoret: 57 67 99 85,
e-post: post@sogndal.kyrkja.no

Heimeside:
www.sogndal.kyrkja.no

Facebook og Instagram:
Kyrkja i Sogndal

Grafisk:
Ingvald Husabø Prenteverk as

Kirkjelydsbladet blir sendt til heimane i alle sokn i Sogndal kommune med unntak av Leikanger sokn. Det er også mogleg å tinga bladet for dei som bur utanfor sokna bladet vert distribuert til.

Neste nummer av kirkjelydsbladet kjem ut i midten av mars. Stoff kan sendast til post@sogndal.kyrkja.no innan 7. februar.

Bladpengar: kr. 300,- pr. år,
kr. 400,- for abonnentar.

Nytt frå fellesrådet

Jula nærmar seg fort når du får dette bladet i hendene, og kanskje er du allereie godt i gang med førebuingane i heimen.

Jula er ei travel tid i kyrkja. Mykje aktivitet skal gjennomførast i adventstida, og ikkje minst er det mange julegudstenester på sjølvre juledagane. Me håpar du vil ta del i noko av det som skjer i kyrkja!

På «bygg og eigedoms-fronten» går nokre prosjekt inn for ferdigstilling, medan andre er meir i ein oppstartsfasa.

Leikanger kyrkje

Brannsikring av Leikanger kyrkje skal ferdigstilla før jul. Dette har vore eit stort prosjekt som me er glade for no går inn i si avsluttande fase. I samband med dette er det også gjennomført ei ombygging inne i sakristiet slik at ein no får på plass ein benk med vask og oppbevaring, noko me håpar vil gjere det enklare for mellom anna stell av dåpsborn. Samtidig er ein i oppstartsfasen av eit arbeid med oppgradering av det elektriske anlegget i kyrkja.

På Leikanger har ein også tatt att taket utvendes over sakristiet, fått på plass nye takrenner og eit skvettbrett som skal hindre regnvatn frå å sprute vidare frå taket og opp på ytterveggen på kyrkja. Sogndal kommune har sytt for å rive bårehuset innvendig, slik at sopp og muggproblema ikkje skulle få utvikle seg vidare. Det er likevel eit stykkje fram før ein kan få realisert ynskje om ei ombygging til nytt bårehus og toalettanlegg der. Bygget er eigd av Opplysningsvesenets fond (OVF), og

ei endring av eigedomstilhøva må på plass før ein kan gjere noko meir med bygget.

Kaupanger, Balestrand og Ølmheim

Det er framleis von om å kome i gang med gravplassbygget og kyrkjestova på Kaupanger. Dei siste søknadane om godkjenning er sendt inn, og me håpar no at dei endeleg kan bli godkjende slik at prosjektet kan kome i gang. Når dette endeleg blir realisert håpar me at løysinga blir god også for dei som skal bruke bygga. Me arbeider også vidare med å få på plass hjortegjerde på gravplassen. Dette er diverre heller ikke godkjent enno, men me har ikkje gitt opp og håpar framleis på å finne ei løysing som også vernestyresmaktene kan akseptere. Ei utbetring av rennene på taket skal også på plass, og samtidig er også søknad om støtte til tjørebrieing av kyrkja sendt inn.

På Kvamsøy kyrkje er det eit stort behov for utvendig vedlikehald, noko me håpar å få på plass i løpet av 2022. På Tjugum ynskjer me å få på plass betre brannvarsling, og på Ølmheim skal ein kross på plass att oppre på taket og då vil me nytte høvet til ein sjekk av vassbord og mønebord samtidig.

Stedje kyrkje og kyrkjegard

Som mange kanskje har sett i avisar er det eit stort vedlikehaldsbehov på Stedje kyrkje. Fellesrådet har eit ynskje om å prioritere vedlikehaldet her, men ser at omfanget truleg vil gjere det slik at ein må ta det i fleire omgangar. Behovet er stort på fleire områder – både tak, vindauge, murar og vegger, og me vil prøve å prioritere det som hastar mest. Utvidinga på Stedje kyrkjegard er på det nærmaste ferdig, og der ein del av området skal bli namna minnelund. Søknaden om



godkjenning av den namna minnelunden og minnesmerket der er no godkjent av Statsforvaltaren. På sida her ser de to illustrasjonar på korleis dette kan koma til å sjå ut, med to murar med namneplater og ein mur i midten der det vert høve til å setje seg ned på nokre benkar. På den namna minnelunden vil det vere plass for både kiste-gravlegging og urner. Dette blir den første namna minnelunden i kommunen, og som alle dei andre gravplassane er denne også open for bruk for alle i kommunen.

Ny organisering av Den norske kyrkja

For tida arbeider også fellesrådet

(og sokneråda) med ei høyring om ny organisering av Den norske kyrkja. Det er ei stor og omfattande endring som no er på høyring, og som til slutt skal opp i Kyrkjemøtet. Eit av dei sentrale spørsmåla i høyringa er spørsmålet om felles arbeidsgjavaransvar for alle som arbeider i kyrkja lokalt, og kva nivå dette arbeidsgjavaransvaret skal ligge på. Planen er at Kyrkjemøtet skal vedta den nye kyrkelege organiseringa i «to omgangar». Først blir det eit prinsippvedtak i september 2022, før ei ny kyrkeordning skal skrivast ut og vedtakast på Kyrkjemøtet i 2023. Det vil soleis enno gå litt tid før den nye organiseringa vert bestemt og sett ut i livet. Dette er likevel ei stor



omorganisering som vil få mykje å bety for kyrkja og dei som arbeider der. Til slutt vil me gjerne ynskje dykk alle ei retteleg god jul og eit godt nytt år!

Jorunn Merete Haukås-Eide
Kyrkjeverje i Sogndal



Stor stas då nye Stedjetunet endelig kunne markere offisiell opning. Frå v. Inger Pedersen, Rolf Sande, Kjell Olav Høstaker Nordheim, Aud Marie

Stundal, May Kristel Bødal og Vibeke Johnsen.



Eit viktig stikkord som alltid har kjenneteikna Stedjetunet er fellesskap, fastslo tidlegare sokneprest Kjell Olav Høstaker Nordheim.



Arkitekt Rolf Sande i samtale med Aud Marie Stundal. Han fortalte om sine tankar rundt planlegginga og utforminga av nye Stedjetunet.



Aud Marie Stundal overrakte velfortente blomster og gode ord til styreleiar Ove Bukholm og Magny Ugulsvik Bukholm.

Staseleg opning av nye Stedjetunet

Eit hundretal gjestar var til stades for å feire då Stedjetunet markerte jubileum og offisiell opning 22. oktober. Endelig var det kvite huset på Stedje igjen fylt med musikk, song og mange gode ord.

Festkvelden vart opna med flotte bidrag frå musikkskulelevane Elisabeth Nornes på piano og

Brage Ølmheim på sakofon, akkompagnert av Arild Slinde. Deretter kunne konferansier May Kristel Bødal introdusere tidlegare sokneprest Kjell Olav Høstaker Nordheim som var invitert for å seie nokre innleiande ord om kva Stedjetunet har vore for han, for bygda og for kyrkja.

Ein stad for fellesskap

- Eit viktig stikkord som alltid har kjenneteikna Stedjetunet er fellesskap, sa han, og peikte på

at Stedjetunet har vore ein viktig arena med mange aktivitetar. Sjølv trekte han fram sine minne frå ungdomstida med ungdomsklubb, nattkafé som eit rusfritt alternativ og som ein stad med kor- og musikkøvingar.

Han gjorde også eit poeng av at for kyrkja sin del har Stedjetunet vore ein moglegheit og ei gāve i møtet med fellesskapet:

- Eg er glad for at denne plassen

ikkje heiter noko med «heim», men «tun». Det er litt enklare å stikke innom på tunet for å slå av ein prat, slo han fast. For Stedjetunet har ei historie som ein open og raus plass med rom for alle.

Historiske tilbakeblikk

Inger Pedersen tok forsamlinga med på ei interessant tidsreise hundre år tilbake og fortalte historia bak etableringa av gamleheimen på Stedje, opninga i 1921 og dei 60 åra heimen vart

driven. Ho hadde også med seg eit gammalt måleri av huset på Stedje. Lærar Tomas Fosse som i si tid også sat i forstandarskapet til stiftinga, måla bildet. Bildet er no tilbake på Stedjetunet etter å ha «budd» meir og mindre usynleg på Sogndal helse- og omsorgssenter ein del år.

Med på festkvelden var fleire godt vaksne kvinner som alle hadde jobba på gamleheimen. Salen høyrdde med stor interesse på

Ingrid Johanne Haugen (74) som fortalte levande om denne tida. Som 22-åring kom ho til Sogndal for å arbeide på heimen. Det var ein til dels hard arbeidsdag som starta tidleg på morgonen og var ferdig sein på kvelden - og gjennom dagen hadde ho då passa både bebuarar og husdyr.

- Men vi hadde det kjekt!

Et moderne bygg

I samtale med Aud Marie Stundal



Gospelkoret Glimt stilte opp med flott song...



Musikkskuleelever Brage Ølmheim bidro til staseleg opning av festkvelden, akkompagnert av Arild Slinde.



... og det gjorde også Dalklang.



Ingrid
Johanne
Haugen
fortalte
levande frå
tida som
tilsett ved
gamleheimen
på Stedje.

fortalte arkitekt Rolf Sande om korleis han frå si side opplevde at arbeidsplassen gjekk opp i røyk i 2017, og kva for tankar han gjorde seg då det nye Stedjetunet skulle finne si form. Ein del utfordringar har dukka opp undervegs i prosessen fram mot nytt bygg, men Sande let vel om samarbeidet med Stiftinga Stedjetunet som byggherre.

- Arkitektonisk var det viktig å ta med seg trekk frå det gamle Stedjetunet. Det måtte bli ein kvit bygning på haugen, men så måtte det også gjerast i ei moderne utforming, slo han fast.

Det vanka særleg ros og helsingar til styreleiar Ove Bukholm som har vore primus motor for byggeprosessen, samt til Magny Ugulsvik Bukholm som tek seg av

mykje av det praktiske arbeidet knytta til utelege og drift av det nye huset.

Musikk og song

Til sist vart også barnehagestyrar Gunnhild Holen gjort stas på. Ho og hennar tilsette har mått handter store omstillingar knytt til brannen og har vore viktige premissgivarar når det nye bygget med nye



Inger Pedersen med måleriet som no er tilbake på Stedjetunet.

barnehagelokale skulle planleggast og byggast.

Vidare overrekte varaordførar Vibeke Johnsen ei helsing og gode ønske frå kommunen til stiftinga og brukarane av Stedjetunet. Utover kvelden var det korsong ved både Dalklang og Gospelkoret Glimt – der salen song med på delar av repertoaret.

Laurdag var det ope hus på Stedjetunet. Mange nyttar høvet til å stikke innom for å få ei omvisning og ein kopp kaffe ved eit bord - med den flotte utsikten over Sogndal og Sogndalsfjorden bada i sol.

Are Kvistad
Tekst og foto



100 år med kyrkjelydsarbeid på Stedje

Gamleheimen med uthus etter at utbygginga var ferdig. Bilete henta frå Sogndal bygdebok, band 3.

Då den nybygde gamleheimen på Stedje sto klar til innflytting våren 1921, var det byrjinga på 100 år med kyrkjelydsarbeid på Stedje. Det var dei tre sokneråda – Stedje, Norum og Kaupanger – som hadde kjøpt eigedomen Øvre Stedje og bygd nytt hus med plass til 40 beboarar.

Det var sokneråda som skulle stå for drifta av heimen gjennom eit forstandarskap og styre. Gamleheimen skulle vere ein god og hyggeleg opphaldsstad for gamle og svake – men «også for andre som savner hyggen av et hjem». På byrjinga av 1900-talet var folk flest vortne meir medvitne på at dei eldre skulle sikrast ein god alderdom, og at dei skulle få ta del i den generelle velstandsutviklinga i samfunnet.

I heile 60 år var det gamleheim på Stedje. I 1981 vart dei som budde der, flytta ned til den nybygde kommunale alders- og sjukeheimen i prestegardshagen. I grunnbokslaget for eigedomen vart Stedje Gamleheim endra til Stiftinga Stedjetunet. Eigedomen vart framleis styrt av eit forstandarskap og styre – med dei

tre sokneråda som eigarar. Men alt på 1970-talet hadde forstandarskapet byrja å drøfte andre aktivitetar på Stedje. Det var ingen heiltidsbarnehage i bygda, noko som var etterspurt av mange. Gamleheimen dreiv ikkje gardsbruk lenger, og dei gamle uthusa vart rivne for å gje plass til Stedje Barnehage. Barnehagen vart innvia i januar 1979 med ei heiltids- og ei korttidsavdeling.

Då gamleheimsdrifta var lagt ned i 1981, fekk barnehagen òg ein del av det «kvite huset». Seinare har det vore fleire utvidingar, og barnehagen har no fått ei ny eiga avdeling i «Nye Stedjetunet».

I 1981 sat dei tre sokneråda med eit heilt hus som skulle fyllast med aktivitet. No var det ungdomen sin tur. Her vart det mellom anna ungdomsklubb, nattkafé og korsong. Men huset kunne òg leigast ut både til private og organisasjonar – som til minnesamvær etter ei gravferd, dåps- og konfirmasjonsfeiring, åremålsdagar eller faste lagsmøte. Her har det vore søndagsskule, babysong og kyrkjekaffi. Det gamle stabburet var ikkje lenger i bruk, og her flytta speidarane inn – etter

ein god del rydding, snekring og måling.

Stedjetunet husa etter kvart òg arkitektkontor og noko seinare kyrkjekontoret i Sogndal og Leikanger med eit titals arbeidsplassar. Om lag 30 lag og organisasjonar nyttar Stedjetunet før den tragiske storbrannen i 2017.

Det var dei tre sokneråda som valde medlemmar til forstandarskapet både for gamleheimen og seinare Stedjetunet. Sokneråd som folkevald forvaltningsorgan – slik vi kjenner det i dag – vart oppretta i 1920. Tidlegare hadde vi hatt eit soknestyre som bestod av dei medlemene i heradsstyret som kom frå dei einskilde sokna – med andre ord politikarar. Dei nye sokneråda skulle no veljast av alle røysteføre personar i soknet. No var det hende ikkje full utskifting i 1920; fleire av dei som var med i dei tidlegare soknestyra var gjerne med vidare. I alle fall må vi kunne seie at dei var framsynte.

Inger Pedersen
Tekst



Avskjed med Mikael Bruun

Siste søndagen i oktober, blei det markert avskil med Mikael Bruun. Som dei fleste veit, har Mikael og Biskopen gjort avtale om Mikael si teneste i Sogndal, vert avslutta.

Gudstenesta på Bots- og bønedag vart halden i Stedje, eitt av dei to sokna Mikael har vore sokneprest i gjennom vèl 2 år. Mange fann vegen til kyrkja denne søndagen, både frå Stedje og Fjærland sokn, og frå andre sokn i kommunen, ja, frå nabokommunar òg.

Det vart ei fin gudsteneste, med fyldig liturgi og solid preik, akkurat slik Mikael likar det!

Denne søndagen fall i år på Reformasjonsdagen, 31. oktober, og det hadde Mikael interessante sideblikk på. Skrifta, trua, nåden er jo lutherske kjerneord, fordi dei er fundamentele i Openberringsordet og byggjande i ei evangelisk-luthersk kyrkje.

Mikael har stor forkynnarglede, og er svært bibelsentrert i si forkynning. Han elskar liturgien, som jo har vore med på å halda trua på rett kurs i kyrkja.

Etter gudstenesta hadde sokneråda i Fjærland og Stedje ordna til kyrkjekaffi på Stedjetunet, og mange fann òg vegen dit. God prat rundt borda, sòte kaker og sterke kaffi, då frydar Mikael seg!

Aller mest glad er han likevel i

kona, Ida Marie, og ho var naturleg nok med denne dagen. Dei begge fekk merksemd, god-ord og gåver.

Mikael er ein uredd forsvarar av klassisk kristendom, og har bydd mykje på seg sjølv i media. Av og til blei det i meste laget, men når media spør, er det ofte lett å svara. Han er jo ein nasjonal figur blitt, og svarar gjerne ut frå det perspektivet. So vart det kanskje vèl mykje av den slags, og Sogndal vart ein del av biletet.

Mikael er som type ein morsom kar! Det kan underskrivne òg stadfesta! Lett å prata med, kjapp i replikken og sjølvironisk. Det har ikkje ofte kome fram i det offentlege rommet, men dei som hadde med han å gjera i det daglege, kan vitna om ein liketil og triveleg kar.

No har Ida og Mikael (og to kattar!) flytta til Kristiansand. Der ventar pastorteneste i DELK, "Det evangelisk-lutherske kirkesamfunn". Dette er ei ca 150 år gammal frikyrkje, med same læregrunnlaget som DnK. Her blir Mikael – saman med eldsterådet – leiar for gudstenestelivet og kyrkjelydslivet. Og dèt i ein by der det finst ein rik flora av kyrkje- og trussamfunn (jfr 'berre' 55% er medlemmer i DnK).

Me ynskjer Mikael og Ida lukke til med ny heim, nytt fellesskap og ny teneste!

Det er vemodig at det skulle bli slik,



men eg personleg gleder meg over at det opna seg ein ny veg for han, og eg trur mange deler akkurat dèt perspektivet!

Me ynskjer Guds rike signing over heim og teneste!

Geir Paulsen
prost

Geir Paulsen, Birte Husum
Foto

Kyrkjelydstur for Balestrand kyrkjelyd 11.-13. februar 2022

Balestrand sokneråd inviterer medlemmer av Balestrand sokn til kyrkjelydstur på Lyngmo 11.-13. februar 2022. Temaet for helga blir "Relasjonar", og vi er så heldige å ha med Anine og Tomas Mildestvedt fra Familieskolen og Bjørgvin bispedømme-kontor som kan inspirere oss som kyrkjelyd til gode relasjonar som par, familie og kyrkjelyd. Lyngmo har fine fasilitetar både ute og inne, og vi håper mange har lyst til å bruke helga saman med oss på Lyngmo. Meir detaljert informasjon om påmelding, pris, program og anna kjem etterkvart. Sett av helga allereie no, for dette blir ei kjekk helg for alle aldersgrupper!

Har du spørsmål eller ynskjer å melde deg på, ta kontakt med Jostein Risa på kyrkjekontoret (920 60 832) eller Jenny Menes (414 69 329) frå soknerådet.



Glimt frå leirkveld 2018.



Konfirmasjon i Tjugum kyrkje 28. august 2021

Frå venstre: Brynjar Fuglestad, Francesco Johannes Tjoflaat Miconi, Peter Bøthun, Austeja Adomaviciene, Elias Johannes Nilsson, Renars Berneckis Neset og sokneprest Kjetil Netland.

Foto: Jostein Risa.

**Ansikt til ansikt
med verda**

Informasjon frå diakoniutvalet i Balestrand sokn

Diakoni (kyrkja si omsorgsteneste) er eit omfattande arbeidsfelt som blir dekt i samarbeid mellom tilsette og frivillige aktørar i kyrkjelyden. Diakoniutvalet i Balestrand sokn står for ein del av denne aktiviteten, og i 2021 har me aktiv besöksteneste som eit sentralt mål for verksemda vår. Me har laga ein brosjyre der me fortel kort om kva Den norske kyrkja legg i ordet diakoni. Der finn

du og namn og telefonnummer til personar du kan kontakta, anten du treng besøk eller kan tenkja deg å bli besøkjar sjølv.

Viss du ikkje har fått brosjyren, kan du kontakta leiar i diakoniutvalet, Tore Brudvik (tlf. 450 48 715). Me ser fram til å bli kjende med deg!

Margot Ryssdal

Vel møtt til konsertar

Nyårskonsert i Stedje kyrkje

Vel møtt til Norges Korforbund Sogn og Fjordane sin nyttårskonsert i Stedje kyrkje sundag 30. januar kl. 14.00.

Kvart år arrangerer Norges Korforbund nyttårskonsertar rundt omkring der overskotet går til eit godt formål. På nyttårskonserten i Stedje kyrkje, vil overskotet gå til

Redningsselskapet i Sogn og Fjordane.

Konserten vert arrangert i samarbeid med Gospelkoret Glimt.

Konsertkåseri om Hans Nielsen Hauge i Stedje kyrkje

13. februar
[250-års jubilanten Hauge gjekk vel 1500 mil til fots då han forkynnte si tru, danna venesamfunn og var med på å

utvikle til eventyrlig handels- og industriverksemid tidleg på 1800-talet. Kven var han? Og kva uttrykk var han for si tid?

Frode Skag Storheim er ein talentfull og allsidig pianist. Han er ein kunnskapsrik og underhaldande kåsør og formidlar. Gled deg til ein musikalsk historietime om ein markant skikkelse i den norske religiøse folkerørla."

Takk til deg som er med som frivillig i kyrkja vår!

I eit par nummer i året nyttar vi kyrkjelydsbladet til å publisere ei helsing til deg som har gjort og gjer ein frivillig innsats i kyrkjene våre. Det er fint å kunne seie; takk for at du er med og gjer den innsatsen du gjer, anten den er stor eller liten, fast eller eingongsbaseret!

Som mange organisasjoner, idrettslag, kulturorganisasjoner og så vidare, er Den norske kyrkja avhengig av den frivillige innsatsen som godt over hundre personar legg ned i kyrkjene våre kvart år. Utan den innsatsen, er det mykje vi rett og slett ikkje hadde fått til, mykje vi ikkje hadde fått til å gå rundt – rett og slett mykje som hadde vore umogleg!

2021 har vore eit spesielt år, akkurat slik 2020 var. Skilnaden har vore at der mykje vart avlyst gjennom eit heilt år i 2020, har vi etter kvart kunna opne opp og gjenoppta aktivitet no i 2021. Frivillige har vore med på dette frå første sekund vi kunne gjenoppta aktiviteten!

Vi gler oss over at vi etterkvart kan ta opp att meir og meir aktivitet, og ser frem til meir normale tilhøve i 2022. Vi i

kyrkja vil mykje, vi vil lage gode møteplassar for alle. Den frivillige innsatsen de gjer er uvurderleg og er meir enn gull verdt i arbeidet med å lage ei god kyrkje!

Jula nærmar seg, og eg håpar du får ei fin julehøgtid med familie, vene og alt som er godt. I fjor vart mykje avlyst i jula, og i staden for gudstenester på julafta, vart det opne kyrkjer. I år er vi tilbake til normale tilhøve. Eg håpar du som frivillig, anten du har ei oppgåve i desse gudstenestene eller er der som deg sjølv og kyrkjelyd, får ei god jul med fine opplevingar.

Til deg som har vore, og er, frivillig i kyrkja vår. Til deg som er med og gjer ein frivillig innsats for kyrkja, anten innsatsen er stor eller liten, anten det er eingongsinnsats eller fleire gongar og over lengre tid. Til deg som har venta, og vore klar når vi har kunne gjenoppta aktivitetten hos oss:

Tusen, tusen takk for den innsatsen akkurat DU gjer! God jul!

Hallgeir Øgaard Westli

Tekst

jula 2021 i kyrkjene våre

GUDSTENESTER

Julaftan:

Balestrand helsetun: kl. 11.00
Kaupanger stavkyrkje: kl. 12.00
Ølmheim kyrkje: kl. 12.00
Sogndal helse- og omsorgssenter: kl. 13.30
Sæle kyrkje: kl. 14.00
Stedje kyrkje: kl. 14.00 og kl. 16.00
Leikanger kyrkje: kl. 14.00 og kl. 16.00
Tjugum kyrkje: kl. 16.00

Juledag:

Leikanger kyrkje kl. 11.00
Tjugum kyrkje kl. 12.00
Stedje kyrkje kl. 13.00
Fjærland kyrkje kl. 15.00

Nyårsaftan:

Stedje kyrkje kl. 16.00

KONSERTAR OG ANDRE ARRANGEMENT

Sundag 12. desember:

Fjærland kyrkje kl. 15.00: Julekonsert med lokale kor og korps
Ølmheim kyrkje kl. 16.00: Julekonsert med lokale kor og korps
Tjugum kyrkje kl. 17.00: Julekonsert med lokale song og musikkrefreter
Stedje kyrkje kl. 19.00: Julekonsert med lokale kor og korps

15. desember:

Leikanger kyrkje kl. 19.00: Julekonsert med lokale kor og korps

Torsdag 16. desember:

Stedje kyrkje kl. 12.00 og 18.00: Konsert ved Trudvang skule

Laurdag 18. desember:

Stedje kyrkje kl. 17.00: Konsert ved Sogndal Songlag

Sundag 19. desember:

Kaupanger kl. 16.00: Julekonsert med lokale kor og korps
Stedje kyrkje kl. 19.30: Vi syng jula inn

JULETREFEST I STEDJE KYRKJE SUNDAG 2. JANUARI

Damene i Dåpsringen i Stedje inviterer til tradisjonell juletrefest i Stedje kyrkje, sundag 2. januar kl. 17-19.

Det vert ymse program og vi vil gjere det vi kan for å lage til ein triveleg kveld! Vi vil sjølvsagt gå rundt juletreet, syngje ilag og ha ei kort andakt. Som vanleg vert det god matservering, «hemmelege» pakkar til borna – det meste som hører ein juletrefest til!

Trusopplæringstiltak i våre sokn våren 2022

Stedje, Kaupanger, Leikanger, Norum og Fjærland sokn



Babysong:
Vi har babysong opp til 1 år på Stedjetunet, Kaupanger bedehus og Leikanger kyrkjelydshus. Sjå informasjon på nettsida vår om oppstartsdato og datoar for våren 2022.

Småtrolltrall:
Nokre torsdagar i halvåret, vert det Småtrolltrall for born i alderen 1-3 år på Stedjetunet. Følg med på nettsidene våre for nærmare informasjon om datoar i vår.



Sprell Levande-gudsteneste:
Sprell Levande gudsteneste Stedje kyrkje 6. mars kl. 11.00
- 4-åringar (fødd januar – juni 2018) får fireårsbok.
- 5-åringane vert særskilt inviterte: Får ei lita helsing.



Påskefest for alle:

Påskefest for alle, med utdeling av 6-årsbøker:
- Stedje: 24. april kl. 11.00
- Ølmheim: 24. april kl. 11.00
- Kaupanger: 24. april kl. 17.00
- Leikanger: 24. april kl. 17.00
- Fjærland: 13. februar kl. 15.00

Blomstergudsteneste:

Blomstergudsteneste med utdeling av 6-årsbok og -arbeidshefte:
- Fjærland: 19. juni kl. 12.00



Tårnagent:

Tårnagentdag for 8-åringar utsett frå hausten 21.

- Følg med på nettsidene våre for meir informasjon!



Utdeling av 11-årsbok:

- Kaupanger: 23. januar kl. 11.00
- Stedje: 6. februar kl. 11.00
- Ølmheim: 6. februar kl. 11.00
- Leikanger: 6. februar kl. 17.00
- Fjærland: 13. februar kl. 15.00

Kontaktinformasjon:

Er det noko du lurar på om trusopplæringstiltak i sokna Stedje, Leikanger, Kaupanger, Norum og Fjærland, ta kontakt med trusopplærar

Birte Husum
947 98 799,
Birte.Husum@sogndal.kyrkja.no

Ikke alle barn gleder seg til jul



Gi støtte til familier som har det tøft

Send SMS BK JUL til 2210 (200 kr)
eller VIPPS valgfritt beløp til 13130



Balestrand sokn



Babysong (0-2 år):

Vi samlast på Helsestasjonen ca tredjekvar måndag. Siste samling før jul: 06.12. Etter jul: 10.01, 31.01, 28.02, 21.03 Ta med barn og niste og kom.



Adventssamling for småbarnsfamiliar (0-5 år):

i Sant Olafs kyrkje tysdag
14.12. kl. 17.30-18.00.



Tårnagentdag

Det vert arrangert tårnagentdag for 2.- og 3.-klassingar i Tjugum kyrkje laurdag 23. april. Tårnagentane deltek på gudstenesta 24. april kl. 11.00."



Minikonfirmasjon for 5. klassingar:

Samlingar i Kyrkjestova rett etter skulen onsdag 12.01., 19.01., 02.02. og 09.02.2. Utdeling av Bibel i gudstenesta 16.01. Minikonfirmanthelg saman med andre minikonfirmantar frå Ytre Sogn på Alværa (Lavik) 25.-27. mars. Påmelding til Magni (466 97 476) innan 6. januar 2022.



Nestenåring (5.-8. klasse) – Fredagsklubb på Bedehuset

kl. 18-20.
Siste samling før jul: 17.12.
Etter jul: 07.01., 28.01., 04.03.



Samtalegruppe for ungdomsskulen annakvar onsdag

kl. 19.30-21.30 heime hos familien Risa i Fjærstad 42.
Siste før jul: 15.12.
Etter jul: 12.01. (partalsveker)
Kom innom eller ta kontakt med Magni (466 97 476) om du ynskjer ein prat.

UNG MESSE
i Tjugum kyrkje
kl. 20.30 torsdag
9. desember

Ei kreativ gudsteneste av, med og for ungdom. Juletema.

Ungdomskveld på Bedehuset
kl. 19-24 fredag 04.02 for elevar på ungdomsskulen og vgs. Kjekke aktivitetar, ungdomsband, andakt, kiosk og god stemning!

Velkommen på:
• Spiren (3-7 år) og Addis (8-13 år) kl 17-18.30 i oddetalsveker (vår)
• KRIK (14-20 år) kl 16.30-18 i Belehalli kvar fredag
• Lagsmøte på ungdomsskulen i matfriminuttet kvar tysdag



Kontaktinformasjon

Har du spørsmål eller innspel til noko av dette, ta kontakt med kyrkjelydspedag Magni (466 97 476).

I tillegg til trusopplærings-tiltaka arrangerer frivillige lag og organisasjonar mange gode og kjekke aktivitetar for born og unge med rom for å vekse i trua.

For meir informasjon om ulike trusopplærings-tiltak i våre kyrkjer, sjå www.sogndal.kyrkja.no/TOL. Du finn oss og på Facebook: Kyrkja i Sogndal og Trusopplæring – Kyrkja i Sogndal.



Hilal Wasil er jordfar på fødeavdelinga ved helseenteret som Kirkens Nødhjelp har bygd. Her sjekkar han at alt står bra til med Grace etter fødselen nokre timer tidlegare.

La Grace få fylle fem år

Akkurat no ligg Grace trygt i armane til mamma, berre ein dag gammal. Omfamna av morskjærleik og nærliek etter ein god og trygg fødsel. Diverre er tala dystre; mange barn i Afrika lever aldri til dei blir fem år.

Inst i kroken på fødeavdelinga høyrer vi små forsiktige grynt. Då vi kikar inn, ser vi at det er Grace som er i ferd med å vakne. Ho ligg trygt i famnen til mamma på ei av sengene i salen. Berre timar har gått sidan ho vart fødd.

– Eg kjenner meg så lykkeleg, Grace er det første barnet mitt, og det er så mykje større enn eg hadde førestilt meg. Eg håpar ho får ei trygg og god framtid, det er alt eg

SLIK GJEV DU DEN VIKTIGASTE JULEGÅVA I ÅR:

Vipps eit valfritt beløp til 2426. Send GAVE på sms til 2426 og gje 250,- kroner. Gåvekonto: 1594.22.87248

ønskjer meg, smiler mamma Anita Lamisoni (24).

Høge dødstal

Grace er fødd i Malawi, på fødeavdelinga til helseenteret Mbwatarika, som Kirkens Nødhjelp har bygd. Alt er godt og trygt for Grace no, men utanfor veggane ventar eit hardt liv og ein beinhard statistikk. Meir enn nitti prosent av barn som dør før dei fyller 18 år, overlever ikkje femårsdagen sin.

Malawi er eit av dei fattigaste landa i verda, som står i mange kriser. Akutt vassmangel, tørke og flaum gjer at tilgangen til mat er kritisk. Så kritisk at Grace har femti prosent sjanse for at veksten hennar blir hemma før ho fyller fem år. I tillegg har pandemien også gjeve eit valdsamt oppsving i talet på barneekteskap og tenåringsgraviditetar. I nokre område har dette dobla seg.

Sjølv om tala for barnedødsfall har gått kraftig ned, er dei framleis dramatiske. I 2019 døydde det 14.000 barn i verda under fem år, kvar einaste dag. Og kvar du blir fødd har mykje å seie. Barnedødstala er ni gongar høgare



Anita Lamisoni har akkurat fødd det første barnet sitt. Ho har fått namnet Grace, for ho er både ei gave og ein nåde, fortel den stolte mora.

i Afrika enn i Europa.

Ein god start på livet byrjar med ein trygg fødsel. Difor har Kirkens Nødhjelp bygd fødeavdelingar fleire stadar i Malawi, samstundes som vi syter for gode jordmødrer.

Då Grace vart fødd var det Hilal Wasil (27) som var jordfar på vakt. Han tok imot Grace og hjelpte Anita gjennom sin første fødsel. Og Anita kan ikkje få fullrost han.

– Eg kjende meg både trygg og teken hand om på beste måte, så no kan eg faktisk seie at eg hadde ein fin fødsel, sjølv om han var lang og vond.

Hilal, som også er ansvarleg for svangerskapskontrollane, kan ikkje få understreka nok kor viktig det er å kome seg til ei fødeavdeling. Han rykkjer også ut på motorsykkel til mødre som ikkje når fram i tide.

– Vi ser at mange går over tida, aborterer eller får massive blødningar etter fødsel. Difor er det så viktig at gravide og nybakte mødre blir fulgte tett opp.

Anita får berre ei natt på sjukehus før ho må reise heim, det er mange som skal føde og det er kamp om plassane. Totalt dekkjer fødestova 3000 hushald.

Vi skal snart feire jul, i takksemd og glede over Jesu fødsel. Ein fødsel som mest sannsynleg var ei tøff erfaring for unge Maria. I ein stall, i ein framand by, langt borte frå familien. Hadde ho ein fødselshjelpar?

Jesus overlevde både fødselen og flukta den vesle familien måtte leggje ut på etter kvart. Vi går ut frå at spedbarnsdødstala var høge. Jesus overlevde spedbarnstida på trass av den urolege verda han vart fødd inn i.

2000 år etterpå veit vi at nyfødde under 28 dagar står for nesten halvparten av dødsfalla blant barn

under fem år (tal frå 2019). Mange blir framleis fødde i krig, konflikt, vassmangel, svolt og fattigdom. Oppdraget vårt er å redde liv og krevje rettferd for desse, slik vi gjer i Malawi. Vi kan vere med å gje nyfødde Grace og andre barn ei trygg framtid. Saman med deg og dei kan vi byggje fleire fødeavdelingar og syte for tilgang til mat, reint vatn, vaksinar og utdanning. Saman forandre. Slik at fleire får fylle fem år.

Anette Torjusen
Tekst

Håvard Bjelland
Foto

Støttespelarene våre:



www.lerum.no

Ledig annonseplass!

KVAMME*REKNESKAP AS
Autorisert rekneskapsførarselskap
FJÆRLAND [57 69 12 03] – SOWNDAL [57 67 22 02]
laura@laurakv.no - 913 63 327



Fossetunet 1 | 6856 Sogndal
Tlf: 57 67 65 40 | skjeldestad@kontorspar.no
www.kontorspar.no

alliance*
OPTIKK

Sogn Synssenter
Eit variert utval i alle prisklassar av
innfatningar, brilleglas, kontaktlinser
solbriller, kikkertar og luper.
Tlf: 57 67 50 50



Parkveien 5, 6856 SOWNDAL • Tlf. 57 62 88 50 • e-post: post@advokat-tollefsen



Optiker
Kjell M. Talleraas
6856 Sogndal • tlf. 920 94 145 • nettbriller.com

HOLLEKVE SAG
TRE- OG STÅLBYGG
Telefon 90 11 67 83

Byggmester
Ingmar Stenehjem
mob. 90 58 10 21 • tlf. 57 67 29 52
www.stenehjembygg.no

AMFI
SOGNINGEN
AMFI Mykje å gle seg til. Alltid.

NORDBOHUS
NORDBOHUS SOGN
www.nordbohus.no/sogn

HOLEN INSTALLASJON AS
SOWNDAL • GAUPNE • LEIKANGER • VIK
www.holen-installasjon.no • Tlf. 57 67 75 00 • post@holen-installasjon.no

Sogn Kontorsenter
57 67 66 99
www.sognkontorsenter.no

solberg
el-service



Telefon heile døgnet:
57 68 14 77

Kjell Grønli | Hans Magne Kvåle | Ingar Husum | Hege Urnes
Post- og besøksadresse: Parkvegen 3, 6856 Sogndal



Telefon: 57 67 18 85

Opplæring klasse
A1-A-B-E-T-M146

Trafikalt grunnkurs

E-post:
post@hofslundsgen-trafikkole.no



www.sognekraft.no - P.b. 3, 6891 Vik i Sogn - post@sognekraft.no



**ALT INNAN TØMRAR
OG BETONGARBEID**

KONTAKT OSS FOR TILBOD!



VestlandsHus®
VestlandsHus Sogn AS • Tlf 57 67 33 88

ncom
OFFENTLEG GODKJENT
REINGJERINGSFIRMA
www.ncomsogn.no

FS Anlegg as
www.fsanlegg.no

RØYRLEGGJAR
ingmar fimreite as
6856 Sogndal Tlf. 57 67 45 21 - mob. 905 00 331
www.fimreite.no

THARASO AS

**SOGN
KJØLESERVICE**
57 67 11 11
sognkulde.no

dyreklinikken
- i Sogndal AS
Man: 18.00 – 20.00
Tys og ons: 08.00 – 11.00
Tor og fre: 09.00 – 12.00
Tlf: 57 67 55 55 / 976 75 555



**Ikke alle barn
gleder seg til jul**

Gi støtte, trygghet og håp til familier
som har det tøft.

*Send SMS BK JUL til 2210 (200 kr) eller
VIPPS valgfritt beløp til 13130*



**TRENG DU
NOKON Å FORTELJE
DET TIL?**
KIRKENES SOS
22 40 00 40

Ætti i glede og sorg



Sjå sogndal.kyrkja.no for påmelding til dåp eller ta kontakt med kyrkjekontoret om moglege datoar for dåp og vigsel. Telefon 57 67 99 85

DØYPTE

BALESTRAND - SÆLE KYRKJE

29.08.21 Aksel Linde-Tjelflaat
29.08.21 Klara Linde-Tjelflaat

FJÆRLAND

25.09.21 Hedvig Haldorsen Bøyum

KAUPANGER

18.09.21 Astrid Von Hirsch-Slinde
18.09.21 Alice Lajos Lysne
18.09.21 Vilja Handegård
18.09.21 Grete Helgestad Olsen
26.09.21 Olivia Loftesnes Flo
26.09.21 Tobias Bjørge
31.10.21 Ellie Hallert Rørvik
31.10.21 Tarjei Martinussen Alfei

NORUM

05.09.21 Johan Emanuel Nornes
05.09.21 Maria Naomi Nornes
05.09.21 Elisabeth Nornes
05.09.21 Lukas Nornes

STEDJE

15.08.21 Sigved Lykin Djønne
Døypt i Granvin kyrkje
12.09.21 Jørgen Øyre Johnsen
12.09.21 Ina Ålsberg Fluge
19.09.21 Vebjørn Eikevik Danbolt
Døypt i Balke kyrkje
19.09.21 Marius Yttri Lerum
03.10.21 Julia Husabø Bjørseth
10.10.21 Ellinor Austheim Endresen
Døypt i Herøy kyrkje
10.10.21 Even Selseng Aa
10.10.21 Olina Wiborg Hestmark-Rygge
10.10.21 Mariell Orrestad
10.10.21 Tonje Skrede Nes
10.10.21 Ada Bergesen Nordskar
Døypt i Heidal kyrkje
17.10.21 Bendik Lindaas Olsen
Døypt i Åsane gamle kyrkje
24.10.21 Isak Partenyi Christiansen
24.10.21 Åsa Hofslundsgen Lund
31.10.21 Ellie Barmen Kvam
Døypt i Frøya kyrkje, Kalvåg

VIGSLER

STEDJE

29.10.21 Kristine Sande og Øystein Andre Wilkensen
04.11.21 Ragnfrid Ylvisåker og Runar Vedvik

GRAVLAGDE

BALESTRAND - TJUGUM KYRKJE

| | |
|---------------------------|---------|
| 31.08.2021 Lars Ese | f. 1928 |
| 16.09.2021 Rannveig Linde | f. 1923 |
| 19.10.2021 Per Tollesen | f. 1946 |

FJÆRLAND

| | |
|--|---------|
| 16.09.2021 Gjertrud Haugen (Bisetjing) | f. 1930 |
| 04.11.2021 Klaus Dieter Ferninand Gläser | f. 1935 |

KAUPANGER

| | |
|--|---------|
| 01.10.2021 Harald Martin Sørbø (Bisetjing) | f. 1944 |
|--|---------|

STEDJE

| | |
|--|---------|
| 27.08.2021 Yodit Gebrzgabher | f. 1973 |
| 31.08.2021 Sevrina Vedvik | f. 1933 |
| (Kiste sett ned på Kaupanger gravlund) | |
| 10.09.2021 Nils Flugeim | f. 1956 |
| 15.09.2021 Olav Arvid Nes | f. 1949 |
| 17.09.2021 Kristi Valsvik | f. 1920 |
| 21.09.2021 Gunvor Skeie (Bisetjing) | f. 1940 |
| 30.09.2021 Astrid Kristi Øydal | f. 1932 |
| 01.10.2021 Gerd Rømo | f. 1939 |
| 08.10.2021 Johannes J. Kvåle | f. 1931 |
| 29.10.2021 Marit Stenehjem | f. 1931 |

Velkommen til gudsteneste

Med etterhald om endringar. Sjå gudstenestelista i Sogn Avis, på www.sogndal.kyrkja.no
eller følg med på våre Facebook-sider; Kyrkja i Sogndal. For gudstenester i jula og romjula, sjå side 15.

DESEMBER

5. desember

| | |
|--------------------------------|---------------|
| Tjugum kyrkje kl. 11.00 | - Gudsteneste |
| Ølmheim kyrkje kl. 16.00 | - Lysmesse |
| Kaupanger stavkyrkje kl. 17.00 | - Lysmesse |
| Leikanger kyrkje kl. 19.00 | - Lysmesse |

12. desember

| | |
|---------------------------|---------------|
| Stedje kyrkje kl. 11.00 | - Gudsteneste |
| Fjærland kyrkje kl. 15.00 | - Julekonsert |
| Ølmheim kyrkje kl. 16.00 | - Julekonsert |
| Tjugum kyrkje kl. 17.00 | - Julekonsert |
| Stedje kyrkje kl. 19.30 | - Julekonsert |

Onsdag 15. desember

| | |
|----------------------------|---------------|
| Leikanger kyrkje kl. 19.00 | - Julekonsert |
|----------------------------|---------------|

19. desember

| | |
|-----------------------------------|-----------------------|
| Fjordtun oppvekstsenter kl. 11.00 | - Gudsteneste |
| Stedje kyrkje kl. 19.30 | - «Vi syng julia inn» |

JANUAR

2. januar

| | |
|-------------------------|---------------|
| Stedje kyrkje kl. 17.00 | - Juletrefest |
|-------------------------|---------------|

9. januar

| | |
|--------------------------------|---------------------|
| Fjærland kyrkje kl. 11.00 | - Gudsteneste |
| Leikanger kyrkje kl. 11.00 | - Gudsteneste |
| Sæle kyrkje kl. 11.00 | - Gudsteneste |
| Kaupanger stavkyrkje kl. 19.30 | - Kveldsgudsteneste |

16. januar

| | |
|---|---------------------|
| Ølmheim kyrkje kl. 11.00 | - Gudsteneste |
| Tjugum kyrkje kl. 11.00 | - Gudsteneste. |
| Presentasjon av minikonfirmantar. Biblar til 11-åringar | |
| Stedje kyrkje kl. 19.30 | - Kveldsgudsteneste |

23. januar

| | |
|--------------------------------|------------------|
| Kaupanger stavkyrkje kl. 11.00 | - Gudsteneste |
| Stedje kyrkje kl. 11.00 | - Gudsteneste |
| Leikanger kyrkje kl. 19.00 | - Salmar & Kaffi |

30. januar

| | |
|-------------------------|---------------|
| Tjugum kyrkje kl. 11.00 | - Gudsteneste |
|-------------------------|---------------|

FEBRUAR

6. februar

| | |
|----------------------------|-----------------|
| Stedje kyrkje kl. 11.00 | - Gudsteneste |
| Ølmheim kyrkje kl. 11.00 | - Gudsteneste |
| Sæle kyrkje kl. 11.00 | - Gudsteneste |
| Leikanger kyrkje kl. 17.00 | - Familiesøndag |

13. februar

| | |
|--------------------------------|------------------------------|
| Kaupanger stavkyrkje kl. 11.00 | - Gudsteneste |
| Lyngmo kl. 11.00 | - Gudsteneste. |
| Fjærland kyrkje kl. 15.00 | Kyrkjelydstur for Balestrand |
| | - Gudsteneste |

20. februar

| | |
|-------------------------|---------------|
| Stedje kyrkje kl. 11.00 | - Gudsteneste |
|-------------------------|---------------|

27. februar

| | |
|----------------------------|---------------------|
| Tjugum kyrkje kl. 11.00 | - Gudsteneste |
| Leikanger kyrkje kl. 19.00 | - Kveldsgudsteneste |

MARS

6. mars

| | |
|-------------------------|------------------|
| Stedje kyrkje kl. 11.00 | - Gudsteneste |
| Sæle kyrkje kl. 11.00 | - Gudsteneste |
| Nortun kl. 18.00 | - Kyrkjelydsfest |

13. mars

| | |
|--------------------------------|---------------|
| Leikanger kyrkje kl. 11.00 | - Gudsteneste |
| Kaupanger stavkyrkje kl. 11.00 | - Gudsteneste |
| Tjugum kyrkje kl. 11.00 | - Gudsteneste |

20. mars

| | |
|----------------------------|------------------|
| Stedje kyrkje kl. 11.00 | - Gudsteneste |
| Fjærland kyrkje kl. 15.00 | - Gudsteneste |
| Leikanger kyrkje kl. 19.00 | - Salmar & Kaffi |

27. mars

| | |
|--------------------------------|------------------------|
| Kaupanger stavkyrkje kl. 11.00 | - Gudsteneste |
| Tjugum kyrkje kl. 11.00 | - Gudsteneste. |
| | Årsmøte i kyrkjelyden. |
| Stedje kyrkje kl. 19.30 | - Kveldsgudsteneste |

APRIL

3. april

| | |
|----------------------------|-----------------|
| Stedje kyrkje kl. 11.00 | - Gudsteneste |
| Leikanger kyrkje kl. 17.00 | - Familiesøndag |



Ei kroppsleg jul

Det vart ein underleg julaftan for eitt år sidan. Det var koronatid og grenser for det meste på alle kantar. Dersom vi ville samlast i kyrkja, kunne vi berre møtast veldig få. Nokon trassa vêr og vind og heldt gudstenesta utandørs, men dei fleste heldt seg nok heime. Eg håpar vi ikkje får oppleva slike tilstandar ein gong til.

For viss det verkeleg er ei tid på året der vi må møtast fysisk og kroppsleg, ta kvarandre i handa, og gjerne òg gi kvarandre ein skikkeleg klem, så må det vel vera i jula. Jul handlar nemleg om kropp og om nærvær.

Vi feirar at Guds Son vart menneske og lagt i krubba. Jesus var eit heilt vanleg barn til fingerspissane – og samtidig noko så uvanleg som ein halv meter Gud, lagt på strå og utlevert til Marias og Josefs omsorg. Guds Son vart eit foster og eit spedbarn, hjelpelaus og hjelpetrengande. Slik vi alle kom inn i verda, og var avhengige av å bli tekne imot på ein god måte.

Når jula handlar om noko så fysisk og så kroppsleg som dette, blir det ikkje heilt det same å feira denne hendinga framfor kvar vår skjerm. Det er mykje bra som blir formidla på nettet og på TV ved juletider, og for den som sjølv ikkje kan komma til kyrkja er skjermen

mykje betre enn ikkje noko. Men når vi feirar at Guds Son kom til verda i ein liten gutekropp, er det ingen ting som kan erstatta den fysiske og kroppslege samlinga.

Gud søker oss som heile menneske, så lat oss møte han slik. Difor håpar eg at du som les dette tek på deg (regn)frakken eller kåpa, og tek turen til kyrkja denne jula. Kom gjerne på julaftan! Men sjølve dagen, Jesu fødselsdag, er faktisk 25. desember – og vi held fest den dagen òg.

Nokon av oss har det slik i jula at vi gjerne vil komma til kyrkja, men nøler fordi vi er usikre på om det er riktig. Trua kjennest for liten og tvilen for stor, eller det er andre grunnar til at ein ikkje passar inn. Viss du er blant dei som tenker slik, seier eg: Det er ikkje trua vår vi feirar, men at Gud er komen til oss. Og om trua vår er svak, og det er den ofte, så er Guds nærvær likevel heilt og sterkt og utan noko etterhald.

Så når Gud vil møta oss alle i kyrkja, er det grunn god nok til å komma. Slik hyrdingane kom til stallen og tilbad, sjølv om dei nok ikkje heilt forstod kva dei var med på.

Men kan du ikkje komma til kyrkja, så vêr trygg på at Gud uansett vil møta deg der du er og dela dagane dine med deg. For etter den første jula, då Guds Son vart menneske, er det ingen menneske og ikkje noko menneskeleg som er framand for Han.

Eg ønsker deg og alle dine ei glad og velsigna jul!

*Halvor Nordhaug
Biskop i Bjørgvin*

